



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
04.04.2018  
Dykkar dato  
02.03.2018

Vår referanse  
2018/3457 421.3  
Dykkar referanse  
18/600

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Uttale til dispensasjon til utbetring og omlegging av Håftuvegen, Meland, gnr. 30 bnr. 1 mfl.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.03.2018, mottatt her 08.03.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for utbetring og omlegging av ein del av Håftuvegen i samband med legging av ny vass og avlaupsleidning. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen. Det er kommunen som søker om dispensasjon.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Slik vi forstår det skal vegen endrast og leggast om på eit strekk på om lag 750 meter. Den nye traséen vil råke dyrka jord på fleire stader. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også nyleg skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Fylkesmannen si vurdering er at dette er eit omfattande tiltak. Vi viser til pbl § 12.1 tredje ledd: *For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*

Fylkesmannen meiner det kan skape uheldige presedensverknader om kommunen er mindre streng med krav om reguleringsplan med seg sjølv enn med andre tiltakshavarar.

Vi ser det som positivt at kommunen ynskjer ein tryggare veg for innbyggjarane sine, men meiner at tiltaket er omfattande og kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Verknaden for til dømes landbruksinteressene er ikkje godt nok vurdert.

**Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til utbetring og omlegging av Håtuftvegen.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*